



UNIVERSITETET I BERGEN
Molekylærbiologisk institutt

PROTOKOLL PROGRAMSTYREMØTE
23.JUNI 2010, KL. 1000 ROM 542A2

Tilstades: Kari E. Fladmark (leiar, Gr. A) Rune Male (Gr. A), Øyvind Halskau (Gr.A), Thomas Kalvik (Gr. D), Marielle Hauge (sekretær).

SAK I: INNKALLING OG GODKJENNING AV SAKSLISTE

VEDTAK: Innkalling og saksliste vart godkjent.

SAK II: GODKJENNING AV REFERAT 23.april 2010

Vedlegg 1: Referat frå programstyremøte 23.april 2010

VEDTAK: Referatet vart godkjent.

SAK III: ORIENTERINGSSAKER

▪ **Søkjarar til master i molekylærbiologi haust 2010**

Det er totalt 39 søkjarar til masterprogrammet i molekylærbiologi hausten 2010, der 32 søkjarar har molekylærbiologi som førsteprioritet. Studiet er førsteprioritet for 14 interne søkjarar og 18 eksterne søkjarar.

▪ **Intern overgang**

Totalt fire bachelorstudentar i molekylærbiologi har søkt om intern overgang til andre studieprogram for haust 2010. Studentane har søkt overgang til biologi og kjemi. (10/6442)

▪ **Intern overgang vår 2011**

Ved reduksjonen av antal studieplassar på bachelorprogrammet i molekylærbiologi frå 55 til 40 f.o.m. haust 2010, forsvann samstundes moglegheita for intern overgang til bachelorprogrammet. I følgje fakultetet kan ein opne for intern overgang vår 2011, men då kun for studentar som er kvalifisert for MOL202. Per dags dato er kull H2009 stort nok til at ein må kjøre to parallelle kurs på MOL202 vår 2011, men dei vil ikkje vere fulle. Det er derfor mogleg å ta inn fleire bachelorstudentar på dette årstrinnet. Studieadministrasjonen har diskutert moglegheita med instituttleiar, og forslaget vart godkjent.

▪ **Ny programstyreleiar, gruppe A og gruppe B representant**

Hee-Chan Seo tek over som programstyreleiar til hausten. Linda Hjørnevik tek over som representant for gruppe B etter Line Agledal. Øyvind Halskau går inn i Programstyret som tredje gruppe A representant.

VEDTAK: Sakene blei tatt til orientering.

SAK 08/10 Medretteleiar for masterstudentar ved MBI

I følgje Utfyllande reglar for masterstudiet ved Molekylærbiologisk institutt, UiB, kan medretteleiar vere ein stipendiat eller post doc. I ein av masteravtalane levert innan 1.mai 2010 står ein avdelingsingeniør, med fullført PhD, oppført som medretteleiar. Gruppeleiar avgjer 70 prosent av bruk av avdelingsingeniør, og kan derfor bestemme om sistnemnte kan vere medretteleiar. Kravet for medretteleiar bør vere kunnskap og kvalifikasjon framfor stillingstittel.

VEDTAK: Tilføye i "Utfyllande reglar for masterstudiet ved MBI, UiB", under avsnittet "Rettleiingskomité", at medrettleiar må ha minimum fullført master eller tilsvarande.

Vedlegg 2: Utfyllande reglar for masterstudiet ved Molekylærbiologisk institutt, Universitetet i Bergen.

SAK 09/10 Emneevaluering vår 2010 i MOL100, MOL201, MOL202 og MOL310

Det er gjennomført emneevaluering i dei obligatoriske emna MOL100, MOL201, MOL202 og MOL310, samt dei valfrie emna MOL211 og MOL215. Høvesvis 53, 60, 68 og 48 prosent av dei oppmøte studentane på eksamen, svarte på evalueringane. Særleg emneevalueringa i MOL100 bør bli gjennomgått då dette er det største emnet og er obligatorisk i fleire studieprogram.

VEDTAK: Emneevalueringane skal sendast ut til emneansvarleg og undervisningsassistentar. Viss undervisningsassistentane ikkje er norsktalande må emneansvarleg informere om emneevalueringa. Programstyret ønskjer også ei kort tilbakemelding frå emneansvarleg.

Vedlegg 3-6: Emneevalueringar for vår 2010 i MOL100, MOL201, MOL202 og MOL310.

SAK 10/10 Masteravtalar og medrettleiar

Nokon av masterstudentane som skal vere ferdig juni 2011, har både ekstern medrettleiar og rettleiar. Instituttleiar har uttrykt bekymring ved nokon av desse fordi medrettleiar og rettleiar ikkje har god nok kjennskap til rutinane for masterarbeid og oppgåveskriving. Det bør diskuterast om det ved ekstern rettleiing (hovudrettleiar og eventuell medrettleiar) bør vere ein intern medrettleiar i tillegg, altså ein andre medrettleiar.

VEDTAK: Studentar med ekstern hovud- og medrettleiar skal, i tillegg til instituttkontakt, ha ein koordinator ansatt ved Molekylærbiologisk institutt. Koordinatoren skal vere ein vitenskapleg ansatt og har som oppgåve å arrangere orienteringsmøte med dei eksterne rettleiarane to gongar i løpet av året. Koordinatoren skal informere om interne reglar og rutinar for masterarbeid.

Tilføye i "Utfyllande reglar for masterstudiet ved MBI, UiB", avsnittet "Rettleiingskomité" og medrettleiar: ved ekstern rettleiing skal studenten ha ein intern medrettleiar ansatt ved MBI.

Evt.

- Vekting av skriftleg oppgåve i spesialpensum
Programstyret meiner at den skriftlege oppgåva skal vurderast som bestått/ikkje bestått, men utelukkar ikkje at det kan skje ei endring i framtida.

Vedlegg

Referat 23.april 2010

Utfyllande reglar for masterstudiet ved

Molekylærbiologisk institutt, Universitetet i Bergen.

MRH 170610